



GAVLEN

2024 | 44. årgang



Pris 40,-

Besøk eit digitalt fyr!

Lurer du på korleis det ser ut inne i eit fyr? No har du sjansen til å finne ut dette og meire til.

Frode Pilskog

Viti deltek i dokumentasjonen av fyrstasjonar langs heile kysten. I 2023 la museumsskipet «Gamle Oksøy» ut på eit tokt frå Kristiansand i sør til Gamvik i nord (til saman 2589 nautiske mil). Målsettinga var tredelt: vi skulle dokumentere fyrstasjonar og fiskerihamner, samt markere at det var 200 år sidan Fresnel utvikla den revolusjonerande linseteknologien. På utvalde fyrstasjonar gjekk vi i land for å digitalisere og fotografere. Det var eit utfordrande arbeid ettersom sol, vind, bølger, regn og hekkande fuglar påverka arbeidet vårt.

I løpet av fire veker vitja vi fyra Feistein, Stabben, Nordøyen, Halten, Åsvær, Hekkingen og Fugløykalven. Vi la vekt på at fyra skulle ha forskjellig arkitektur, alder og geografisk spreiding.



På fyr.kystverket.no kan du besøke dei digitale fyrstasjonane.

Vi vitja også hamnene: Tananger, Kvitsøy, Florø, Silda, Alnes, Titran, Bessaker, Nordøyen, Lovund, Myken, Tranøy, Svolvær, Sommarøy, Tromsø, Havnnes, Hammerfest, Honningsvåg og Gamvik. I enkelte hamner deltok vi i lokale arrangement og heldt foredrag om Fresnel sin linseteknologi. Særleg moro var det på Alnes, der vi fekk ei skuleklasse om bord. På senteret heldt vi foredrag om Fresnel-teknologien som vart nytta for å bygge Svinøylinsa som no står i utstillinga.

Ved å slå saman hundretals av fotografi laga vi 3d modellar av fyrstasjonane. Metoden er effektiv, men diverre ganske så avhengig av veret. Innandørs var det enklare. Vi nytta ein skannar og gjekk frå rom til rom. Her måtte vi også ta hundretal

3d modell av ruinen på Åsvær. Nyttårsorkanen 1917 knuste dei 2,5 cm tjukke glasa i vindauge og sjøen skylte gjennom fleire av roma. Fyrstasjonen måtte byggast opp att på den andre sida av øya.





Frå den digitale modellen av Fugløykalven. Fyret er eit av dei mest isolerte i landet. Her er det ikkje lett å kome til.

skanningar. Det kunne vere utfordrande ettersom vi ofte var åleine på ein fyrstasjon med avgrensa tilgang til straum. På eit visst klokkeslett vart vi henta, og då måtte vi vere ferdige.

Vi var opptekne av å dokumentere stasjonane slik dei står fram i dag. Museet skal ikkje lage glansbilete. Så fyrstasjonen forferdeleg ut, så vart dette dokumentert. Dette er synleg på Halten fyr som er prega av høg fuktigheit i det gamle steintårnet. 3d modellen vert i dag nytta av Kystverket til å planlegge oppussing.

Kystverket har god teknisk og digital kompetanse. Viti samarbeider med Kystverket for å gjere modellane tilgjengelege for

folk flest. No kan du gå inn på nettsida: www.fyr.kystverket.no og vitje ein av fyrstasjonane.

Fleire modellar skal kome til. I 2024 planlegg Kystverkmusea eit nytt museumstokt. Vi skal segle strekket frå Bodø til Kristiansand. Kanskje vi kjem til eit fyr du ønskjer å vitje? Eller vi kan syne deg eit fyr du aldri har høyrte om før?

Kjelder:

www.fyr.kystverket.no

<https://www.vitimusea.no/kunnskap/digitale-fyr-og-hamner>

<https://kystverkmusea.no/digitale-utstillinger/digital-dokumentasjon>

Til venstre: Etter ei lang arbeidsøkt på Nordøyan vart vi henta med Grisen, den gamle arbeidsbåten til «Gamle Okseøy».

Til høgre: På fyrstasjonen Skalmen er det høge verdiar av kvikksølv. Fullt verneutstyr måtte til for å lage den digitale modellen.



På Tranøy markerte vi 200 års jubileet til Fresnel gjennom eit foredrag for eit lokalt publikum.

